



HAVRÅ

M U
H O

Osterøy kommune
5282 Lonevåg

MIH

MAJ

Havrå, 20.09.2023

Agros 130797

Vedlagt er rapport og rekneskap knytt til arbeidet med restaurering av Bøgarden til bruk 9, samt rydding og styving på Nøttre.

Med venleg helsing

Marit Adelsten Jensen
Avdelingsleiar
Havrå

Postadresse:
Museumssenteret i Hordaland
Salhusvegen 201
5107 Salhus

Besøksadresse:
Havrå
Bruvikvegen 272
5286 Haus

havraa@muho.no
55 25 10 80 - 5 | 959 14 742
Org.nr. 971 349 743



Prosjektet starta opp vinteren 2021. Formålet var å få styvd alle dei store asketrea som stod ved Bøgarden, rydde vekk eit rotvelta tre, samt å hogge ei stor gran. Desse utgjorde ein stor fare for å øydelegga steingarden ved eit rovelt i haust- og vinterstormane.

Me byrja med å styve dei trea som var enklast å handtere. Desse vart felt inn på Bødn, før me skata og kappa dei opp i meir høvelege lengder for å frakta dei ned til tunet. På mange av trea vart det nytta tog og kiler, for å få dei til å falle der me ynskja. Grana blei felt inn på Udgjerdet, for å brenne riset der og ikkje på slåttemarka. Resten av skatet på Bødn blei brent i fleire små bål, for å unngå store brannkrater, slik det blir ved store bål som brenn lenge.



Asketrea er styvd høgt nok til at sau og hjort ikkje får tak i renningane. Dei er kappa i kløfta der dei er styvd før, og snittet er lagt litt over det gamle snittet. Slik minskar ein såroverflata, og det aukar sjansen for at treet skyt nye skot. Om ein ser små «valkar» i barken eller nye skot, er dette eit teikn på at treet har større evne til å klare seg.

Kunnskapen me nyttar når ein analyserer treet ein skal styve er dels frå tradisjonen her på Havrå, og dels kunnskap frå trepleier Sigurd Sondre. For nokre år sidan hadde me ei markvandring i lag med han, og diskuterte dei ulike problemstillingane som en knytt til skjøtsel, restaurering og hogst av tre her på garden.

Fleire av trea hadde ikkje vore styvd før, og dei var store. Erfaring syner at dette aukar risikoen for at dei ikkje klarer påkjennингa, og resultatet er at dei døyrt. Som kjend er gamle tre viktige



habitat for ulike artar, men når dei blir topptunge slik desse var, er det berre eit tidsspørsmål før dei rotveltar. I dette høve ville det føre til knusing av det automatisk freda kulturminne Bøgarden.

Me venta på frosten før me byrja med å transportere veden til hovudvegen, medan det som kunne nytta til emne til staur blei transportert ned til tunet. Dette blei meir arbeid enn me fyrst hadde tenkt, og sjølv om me hadde både snø og frost, så vart strongane store og uhamslege. Spesielt grankubbane var svært vanskeleg å frakta på ein forsvarleg måte, så her måtte me ta små kubbar og gå saman to og to.





HAVRÅ

Me skreiv i søknaden at me ynskja å restaurere nedre del av Bøgarden, men me såg at det vart meir arbeid med styving, brenning og ikkje minst transporteringsa enn me først hadde anslått. Å ikkje ta alle trea når me fyrst var i gang, ville ha auka tidsbruken og kostnaden med å starte opp att på eit seinare tidspunkt. I tillegg var det stabilt kaldt i denne perioden, noko som gjer arbeidet med frakte stokkane ned til tunet enklare og ved at ein ikkje lagar djupe sår i slættemarka.

Bøgarden er no godt sikra mot rotvelt, og så vil tida vise om dei gamle styvingstrea vil klare seg. For utan den påkjenningsa styving er, er dei fleste av askane på garden ramma av askeskotsjuke.

Restaurering av Bøgarden vert sendt som eigen
søknad ved eit anna høve.

Rekneskap:

Me nytta i søknaden ein timesats på kr. 300, og det gjekk med totalt 140 timer. Desse fordeler seg slik.

| | | |
|---------------------------|-------|-------------------|
| Hogging/styving | 40 t. | kr 12 000 |
| Brenning/raking/rydding | 40 t. | kr. 12.00 |
| Transport ned til tun/veg | 60 t. | kr. 18 000 |
| Totalt | | kr. 48 000 |



Dette er 11 900 over tildekte midler som var på kr 36 100. MUHO har dekt dette mellomlegget.